



Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:
Vår: 15/1351 - 15/7483

Saksbehandlar:

Sølvi Legård
solvi.legard@vaksdal.kommune.no

Dato:

26.11.2015

Høyringsvar til planprogrammet for regional transportplan Hordaland

Saka er behandla i formannskapet – sak 111/2015

Saka skal til behandling i kommunestyret 14.12.15. Vedtaket/uttalen vert oversendt med atterhald om kommunestyret sitt vedtak.

Formannskapet gjorde slikt vedtak:

Det vert vist til høyringsnotat datert 28. august 2015 frå Hordaland fylkeskommune om framlegg til planprogram for RTP for Hordaland 2018-2029. Høyringsfrist 27. november.

Framlegget til planprogram for ny regional transportplan gjev ei systematisk og god oversikt over aktuelle plantema. Kommunestyret i Vaksdal vil likevel peika på nokre tema som vil supplera planprogrammet på ein god måte:

- **Viktige omkøyringsvegar for riksvegar**

Inndeling av vegnettet i statleg, fylkeskommunalt og kommunalt nivå er naturleg, men kan gje utilsikta verknader. Vegar plassert på feil nivå kan lett falla «*mellom to stolar*». Kommunestyret vil i denne samanheng peika på viktige omkøyringsvegar for riksvegnettet, til dømes Fv 569 Dalseid-Romarheim og Fv 314 gjennom Bergsdalen som nødvendige omkøyringsveg for E16. Kommunestyret i Vaksdal oppfordrar fylkeskommunen til å gjera dette til eit eige tema i planen ved å nytte inndelinga;

1. Overordna fylkesvegnett
2. Viktige omkøyringsvegar
3. Øvrige fylkevegar

- **Skredsikring**

Vaksdal er ein skredutsett kommune og fylkesvegane er viktige livsnervar. Det er viktig at arbeidet med skredsikring vert vidareført med full tyngd, og at nye strekningar vert prioriterte på grunnlag av revisjon av noverande plan.

- **Prioritering av fylkesvegar som ikkje er del av overordna fylkesvegnett**

Fylkesvegnettet er delt i to, overordna og andre fylkesvegnett. Vegar klassifisert som andre fylkesvegnett kan vera viktige for utvikling i ein kommune, men ha låg prioritet frå fylket. Utvikling av bustad-, næringsareal og område for fritidsbustader kan på denne måten verta «låst inne» fordi ein veg ikkje vert rusta opp, og positiv verdiskaping kan gå tapt. Kommunestyret i Vaksdal vil oppfordra fylkeskommunen til å gjera dette til eit eige tema i planen.

- **Gang- og sykkelveg gjennom tettstadar – utvida bruk av sykkel og el-syklar**

Kommunestyret i Vaksdal viser til tema «5.1.7 Sykkel og gange» og til at «Sykkelstrategi for Bergen og Gåbyen Bergen» skal liggja til grunn for sykkel- og gangtiltak i tettstadar i fylket. Gang- og sykkelveg gjennom tettstadane må vera eit viktig tema i planen. Me vil i den samanheng peika på at el-syklar og tilrettelegging for sykkelveg i tunnelar som to faktorar som kan utvida dei naturlege grensene for tettstadar og knyta bygder saman.

- **Kollektivtransport mellom regionsenter og Bergen – knyta regionane saman**

Eit robust og effektivt kollektivnett mellom regionane i Hordaland vil leggja grunnlag for samhandling og vekst. Perspektivet på kollektivsatsinga må vera at heile fylket vert teke i bruk. Kollektivtransport koordinert med reiselivskorridorar vil styrkja grunnlaget for eit samfunnsnyttig transportnett. Kommunestyret i Vaksdal peikar på behovet for saumlause løysingar for billett- og overgangssystem mellom ulike transportaktørar.

- **Innfartsparkering for overgang til buss/tog**

Eit viktig verkemiddel for eit framtidsretta og miljøvenleg transportsystem vil vere tilrettelegging for innfartsparkering og overgang til tog og bybane. Ein utvida arbeidsmarknad vil gje positive regionale ringverknader. Kommunestyret i Vaksdal vil peike på innfartsparkering som plantema, og nevner spesielt Vossebanen som transportåre for pendlarar.

- **Grunnlagsdokument og utgreiingsbehov**

Når det gjeld utgreiingsbehov syner kommunestyret til *pågåande moglegheitsstudie for regional utvikling i traseen Voss-Arna*, som vert ferdigstilt rundt nyttårsskiftet 2015/16, og som vil vere ei viktig kjelde også for prioriteringar i fylkesvegnettet. Denne moglegheitsstudien vil også innehalde tema *massehandtering*, som er utfordrande og heilt nødvendig å løyse for infrastrukturprosjekt.

- **Massehandtering i samband med store infrastrukturprosjekt**

Kommunestyret i Vaksdal peikar på at store infrastrukturprosjekt i regionen vil kreve løysingar på tvers av kommunegrenser, og difor bør vere eige plantema.

Rett utskrift

Sølvi Legård
Politisk sekretær/fagleiar arkiv

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.